



Jnr.1302.14

gjg

Deltakande kommunar  
Fylkesmannen i Hordaland  
Hordaland fylkeskommune

## Høyring av forslag til fellesrapport Interkommunal strandsoneplan

### Innleiing

Forslag til fellesrapport vert med dette sendt ut på ei avgrensa høyring til kommunane, fylkesmann og fylkeskommune. Tanken med denne høyringa er først og fremst at kommunane som eigrar av prosjektet skal få høve til koma med merknader før rapporten vert sendt ut på open høyring. Samstundes ønskjer vi og at fylkesmann og fylkeskommune kan koma med sine merknader på dette tidspunktet. Merknadsfristen vert sett til 12. januar 2015.

### Stutt om fellesrapporten

Den interkommunale strandsoneplanen for Sunnhordland og Fusa er samansett av ein fellesdel og kommunedelplanar for kvar kommune. Planarbeidet er forankra i planprogrammet som kommunane tidlegare har godkjent.

Fellesdelen inneholder målsettingar, registreringar med temakart med felles kunnskapsgrunnlag og felles planføresetnader for planarbeidet i kommunane. I fellesdelen ligg også utkast til mal for føresegner som kommunane kan leggja til grunn ved utarbeiding av føresegner til sine kommunedelplanar.

Forslaget til føresegner er først og fremst kommunane sitt eige forslag og det ligg difor ulike grader av usemje mot regionalt nivå når det t.d. gjeld reglar om plankrav og naust. Forslaget til mal for felles føresegner har i hovudsak blitt utarbeidd av ei arbeidsgruppe av kommunale representantar med konsultativ deltaking frå regionalt nivå.


Kommunedelplanane vert utarbeidd av den enskilde kommune og vert den juridiske bindande delen av den interkommunale planen.

### Innsending merknader

Eventuelle merknader kan sendast innan 12. januar 2014 til Samarbeidsrådet i Sunnhordland, postboks 444, 5403 Stord, eller pr e-post til [firmapost@samarbeidsraadet-sunnhordland.no](mailto:firmapost@samarbeidsraadet-sunnhordland.no)

Du kan få nærmere opplysningar ved å venda deg til Samarbeidsrådet tlf. 53 45 67 90, eller  
prosjektleiar tlf. 91 00 16 43, e-post [to-mbj@online.no](mailto:to-mbj@online.no)

Sunnhordland, 21.11.2014

  
Gro Jensen Gjerde  
dagleg leiar

Tore Bjelland  
prosjektleiar

Vedlegg: Forslag til fellesrapport